



Til Benjamin Hicks

Kopi til:

Saksbehandler: Teknisk drift/Linda Folkestad

Vår referanse: 15/1768 - 15/26778 / Gbnr - 133/86, HistSak - 15/736

Dato: 20.08.2015

Emne: Uttale avkjørsle nr 2 frå kommunal veg - gbnr 133/86

Teknisk drift syner til førespurnad om eigar av gbnr 133/86 kan få to avkjøringsløyver frå kommunal veg. Tilbakemelding til Dykk er at Teknisk drift berre gir eit avkjøringsløyve til kvar eigedom. Eigar av gbnr 133/86 må avgjere om han vil nytte eksisterande avkjørsle eller om han vil søkje om ny avkjørsle. Dersom han vel å søkje om ny avkjørsle vil tidlegare gitte løyve vert trekt tilbake i nytt løyve. Dagens avkjørsle skal da fysisk stengast. Grunna at avkjørsle frå kommunal veg er privat fellesveg må stenging utførast i avkjørsle frå privat fellesveg.

Teknisk drift vil anbefale eigar av gbnr 133/86 om å behalde dagens avkjørsle. Denne har, til tross for smal veg, betre geometrisk utforming enn avkjørsle til gbnr 133/5 og 104. Problem med dagens tilkomst til eigedom ligger i avkjørsle frå privat fellesveg. Problemet kan lett løysast ved at ein utbetrer svingradius i avkjørsla.

Teknisk drift har fått førespurnad om tilkomstveg til gbnr 133/23 bør gå via gbnr 133/86. Eigedomande har same eigar. Teknisk drift har sett på saka og er enig med byggesak om at vegløyving over gbnr 133/86 er den beste løysinga for vegtilkomst til gbnr 133/23. Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, som er gitt til gbnr 133/23, gjeld berre tilknytting til kommunal veg. Eigar må også ha nødvendig byggeløyve og dispensasjon frå LNF-område. Byggesak og planavdelinga må avgjere om dei vil gje dispensasjon i LNF-område og naudsynt byggeløyve for vegtilkomst til gbnr 133/23 over gbnr 133/5. Dersom byggesak går for ei anna vegløyving til gbnr 133/23 enn det som er vist i søknad, vil Teknisk drift gjere nødvendige vedtak. Tidlegare gitte løyve vert då trekt tilbake.

Linda Folkestad